

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1617/1999 2001/EØS/31/22**av 23. juli 1999****om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for handsaming av forsikring innanfor den harmoniserte konsumprisindeksen, og om endring av kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EF) nr. 2494/95 av 23. oktober 1995 om harmoniserte konsumprisindeksar⁽¹⁾, særleg artikkel 4 og artikkel 5 nr. 3,

etter samråd med Den europeiske sentralbanken⁽²⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I samsvar med artikkel 5 nr. 1 bokstav b) i forordning (EF) nr. 2494/95 skal kvar medlemsstat utarbeide ein harmonisert konsumprisindeks (HKPI) som skal gjelde frå og med indeksen for januar 1997.
- 2) Ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1749/96⁽³⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 1688/98⁽⁴⁾, vert det fastsett eit opprinneleg dekkingsområde i HKPI som er avgrensa til dei varene og tenestene som er omfatta av alle eller dei fleste nasjonale konsumprisindeksane (KPI). I rådsforordning (EF) nr. 1687/98⁽⁵⁾, som endrar forordning (EF) nr. 1749/96, er dekkingsområdet i HKPI definert som dei varene og tenestene som høyrer inn under konsum i hushald. Forsikringar er ein del av dekkingsområdet i HKPI.
- 3) Framgangsmåtene for handsaming av forsikringar i HKPI kan truleg verte svært ulike. For å sikre at dei HKPI-ane som vert utarbeidde, stettar jamføringskravet i artikkel 4 i forordning (EF) nr. 2494/95 er det naudsynt med ein harmonisert metode for forsikring. I praksis er det ikkje mogleg å fastsetje tenestedelen for ein særskild forsikringspolise for kvar månad.
- 4) Framlegget til handsaming av forsikring er i samsvar med dei definisjonane som er fastlagde i det europeiske nasjonalrekneskapssystemet (ENS) 1995⁽⁶⁾.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det statistiske programmet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1***Føremål**

Føremålet med denne forordninga er å fastsetje minstestandardar for handsaming av forsikringar⁽⁷⁾ i dei harmoniserte konsumprisindeksane (HKPI) for å sikre at dei vert pålitelege, aktuelle og stettar jamføringskravet i artikkel 4 i forordning (EF) nr. 2494/95.

*Artikkel 2***Definisjonar**

I denne forordninga tyder

1. «bruttoforsikringspremie» den summen som forsikringstakaren har betalt for ein særskild forsikringspolise for å oppnå forsikringsdekking,
2. «skadebot» den summen som forsikringsselskapet betalar forsikringstakaren og andre føremonshavarar som oppgjer for skade på personar eller ting,
3. «tilleggspremie» den inntekta som forsikringsselskapet får ved å investere dei forsikringstekniske avsetjingane sine, som omfattar forskotsbetalingar av forsikringspremiar, avsetjingar til å dekkje uteståande skadebotsutbetalingar og avsetjingar til å dekkje uteståande risiko,
4. «aktuarreserve» dei forsikringstekniske avsetjingane som forsikringsselskapet har sett av til å dekkje uteståande risiko,
5. «tenestedel» summen av bruttoforsikringspremiar og tilleggspremiar, minus skadebot minus endringar i aktuarreservane.

*Artikkel 3***Handsaming av vektorer for forsikringar**

1. Vektene for forsikringar skal vere eit overslag over dei samla utgiftene som hushalda har til tenestedelar for forsikringar som er omfatta av HKPI, uttrykt som eit høvetal av dei samla utgiftene til alle varer og tenester som er omfatta.

(*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 192 av 24.7.1999, s. 9, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 62/2000 av 28. juni 2000 om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 42 av 21.9.2000, s. 18.

(1) TEF L 257 av 27.10.1995, s. 1.

(2) Fråsegn gjeven 23. juni 1999 (enno ikkje offentleggjort i TEF).

(3) TEF L 229 av 10.9.1996, s. 3.

(4) TEF L 214 av 31.7.1998, s. 23.

(5) TEF L 214 av 31.7.1998, s. 12.

(6) Rådsforordning (EF) nr. 2223/96 (TEF L 310 av 30.11.1996).

(7) Slik det er definert i forordning (EF) nr. 1687/98.

Vektene skal spegle av dei gjennomsnittlege samla utgiftene i eit tidsrom på tre år.

2. Utgifter som vert finansierte ved betaling av skadebot, skal handsamast som utgiftene til forsikringstakaren eller til andre føremonshavarar, og ikkje som utgiftene til forsikrings-selskapet. Utgiftene til eller på vegner av hushaldssektoren skal omfattast av vektene i delindeksane i HKPI.

Artikkel 4

Handsaming av forsikringsprisar

1. Prisane som vert nytta i HKPI til utarbeiding av prisindeksar for forsikring, skal vere bruttoforsikrings-premiane.

2. Bruttoforsikringspremien er den samla premien som skal betalast for polisen, og skal ikkje justerast, sjølv om premien eller forsikringssummen er indeksregulert.

3. Med atterhald for føresegnene i nr. 2 skal dei prisfastsetjande spesifikasjonane vere dei same for kvar forsikringspolise i målprøva. Dersom desse spesifikasjonane vert endra, skal prisane handsamast i samsvar med dei reglane for kvalitetsjusteringar som er fastlagde i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1749/96.

Artikkel 5

Jamføringskrav

HKPI-ar som er utarbeidde etter framgangsmåtane i artikkel 3 og 4 i denne forordninga, eller etter andre framgangsmåtar som

ikkje gjev ein indeks som gjennom eitt år og jamført med året før, har eit systematisk avvik som i gjennomsnitt er større enn eitt tidels prosentpoeng frå ein indeks som er utarbeidd etter desse framgangsmåtane, skal reknast for å stette jamføringskravet.

Artikkel 6

Kvalitetskontroll

Før medlemsstatane nyttar framgangsmåtar som dei har utvikla for handsaming av forsikringar, og som skil seg frå dei framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 3 og 4 i denne forordninga, skal dei sende over opplysningar til Kommissjonen (Eurostat) om desse framgangsmåtane.

Medlemsstatane skal på oppmoding frå Kommissjonen (Eurostat) sende han opplysningar om dei framgangsmåtane som vert nytta for å stette dei krava om minstestandardar som er fastsette i denne forordninga.

Artikkel 7

Oppheving

Fotnote 1 i gruppe 12.4A «Forsikring (S)» i vedlegg II til kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96⁽¹⁾ går ut.

Artikkel 8

Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 23. juli 1999.

For Kommissjonen

Yves-Thibault DE SILGUY

Medlem av Kommissjonen

⁽¹⁾ TEF L 296 av 21.11.1996, s. 8.